



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 1

Mars 2017

60. årgang



**Fakkeltog i samband med «Lys vaken»-opplegget i Brekke kyrkje i februar. (Foto: Katalin Garda)**

**REDAKSJON:** Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik [anne.ryssdal.tveit@enivest.net](mailto:anne.ryssdal.tveit@enivest.net)

**KORREKTUR:** Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

**BANKGIROKONTO:** 3817 15 51282  
Kontingenten er fri.

**TRYKKERI:** Norengros, 3701 Skien

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN:** Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035  
[jens.linde@gulen.kyrkja.no](mailto:jens.linde@gulen.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE:** Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389  
[post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no) Kontor:Ikkje onsd.

**KONTORPERSONALE:**  
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093  
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

**ORGANIST:** Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**SOKNERÅD/FELLESRÅD:**  
Gulen sokn: Iddi Glenjen. Tlf. 90711923.  
[eglenjen@online.no](mailto:eglenjen@online.no)

**Brekke sokn:** Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. [cawaatveit@hotmail.com](mailto:cawaatveit@hotmail.com)

**Mjømna sokn:** Bente Haugen. Tlf. 99264861. [bente.haugen@enivest.net](mailto:bente.haugen@enivest.net),

**Fellesråd:** Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. [malfrid.undertun@enivest.net](mailto:malfrid.undertun@enivest.net)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**  
[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** Er du på Facebook, kan du gå inn på gruppa «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpande om ting som skjer i sokna, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkje-kontoret er redaktør for både heimesida og facebooksidea.

## Redaksjonen

Gulen kyrkjelydsblad fyller 60 år i år – og er framleis «oppegåande»!

Det vil bli litt historikk omkring dette i eit seinare nummer.

Neste nummer kjem til påske.

Innsendingsfrist: 1. april.



## Éin prest i kvar kommune att!

Takk til Gulen kommunestyre som saman med Masfjorden og Solund gjekk inn for å løyve pengar til eit spleiselag, slik at det igjen blir tre prestar i kommunane våre. For oss betyr det at Jens Linde er sokneprest og har ansvaret for Mjømna, Brekke og Gulen sokn. Det er ei halv stilling som no vert finansiert i eit spleiselag mellom fellesråda, kommunane og bispedømmerådet. Avtalen gjeld for fire år. I Masfjorden blir det til som-maren tilsett ein nyutdanna prest i prosjektstilling. Det er Tone-Marit Håland Dyrkolbotn, som kjem frå Austrheim. Namnet røpar vel at ho har tilknytning til Masfjorden. Vi er veldig glade for at ho vil bli prest hos oss. Gulen, som har største folketalet av desse tre kommunane, vil få ein del tenester frå både Solund- og Masfjordpresten.

## Prioriteringar!



I evangeliet etter Lukas kapittel 10 les vi at Jesus er på besøk i Betania, der han besøker dei to systrene Marta og Maria.

Marta hadde det travelt med alt ho skulle stelle til, medan Maria sette seg og snakka med Jesus. Då er det Jesus seier:

«Marta, Marta! Du gjer deg strev og uro med mange ting. Men det er eitt som er nødvendig. Maria har valt den gode delen, og den skal ikkje takast frå henne.»

Kva vil Jesus seie med dette?

Jesus bed oss ikkje om å leggje frå oss forstand og fornuft.

Jesus bed oss ikkje om å la skuta segle sin eigen sjø og la tinga gå upåakta utan at vi tenkjer oss om!

Jesus oppfordrar ikkje til latskap!

Det Jesus vil seie noko om, er prioriteringane våre.

Jesus er oppteken av vala våre!

Kva bruker me livet til?

Korleis bruker me dei dagane som Herren gjev oss?

Spørsmåla som Jesu besøk hjå Marta og Maria stiller, er kva som skal

ramme inn kvardagen med von og fred.

Kva skal gje oss meining og framtid slik at livet blir verdifullt å leve? Maria har valt den gode delen, seier Jesus! Maria valde å lytte til kva Jesus har å seie om livet, om framtida og æva.

Når Gud i sonen sin, Jesus Kristus, stig inn i verda, då vel Maria å stanse opp for å sjå og lytte:

Kva er det Gud vil seie og gjere i livet mitt?

Svara på spørsmåla tek etter kvart form når me les i Bibelen, deltek på gudstenester og andre samlingar kor Jesus forkynnast.

Jesus har ikkje noko større ynskje enn å vere saman med oss og gå saman med oss gjennom livet.

Kvar einaste dag vil han vere hjå oss og gå saman med oss fram mot målet hjå Gud.

Difor inviterer han oss inn i nærleiken sin slik som han gjorde med Maria.

*Jens Linde*

## Kyrkja og staten skil lag, kva så?

**Vil det merkast for andre enn presten, som får ein annan arbeidsgjevar??**

1. januar 2017 skjedde den største organisatoriske endringa av Den norske kyrkja sidan reformasjonen, eit tydeleg skilje mellom stat og kyrkje, slik dei statlege styresmaktene uttrykkjer det. No er ikkje lenger

biskopar, prostar og prestar embets- eller statstenestemenn.

Kyrkjerådet og bispedømmeråda er ikkje lenger statlege forvaltningsorgan.

Kyrkjemøtet har overteke mykje av den makta som tidlegare låg i statsforvaltninga, og er det øvste representative organet for det nye rettssubjektet Den norske kyrkja.



Det siste hundreåret har staten overført stadig nye ansvarsområde til organ for Den norske kyrkja. I 1920 fekk vi sokneråd, deretter følgde innføring av bispedømmeråd i 1933. I 1934 vart Bispemøtet formalisert, og i 1984 vart Kyrkjemøtet oppretta. Ny kyrkelov som m.a. regulerer tilhøvet mellom kommunen og sokna, kom i 1996, og dei kyrkjelege fellesråda vart oppretta.

Som ein konsekvens av grunnlovsendingane frå 21. mai i 2012, er Den norske kyrkja no eit sjølvstendig trussamfunn og eit eige rettssubjekt, med Kyrkjemøtet som øvste organ.

Prestar, biskopar, tilsette ved bispedømmeråd og dei nasjonalkyrkjelege råda har vore embets- og statstenestemenn fram til 1. januar 2017. Alle desse, omkring 1600 tilsette, er frå og

med 1. januar overførte til det nasjonale rettssubjektet *Den norske kyrkja*.

Den norske kyrkja er skriven inn i grunnlova i paragraf 16:

***Den norske kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forblir Norges folkekirke og understøttes som sådan av staten.***

Kallet til kyrkja og kyrkja si oppgåve overfor folk og land vert vidareført. Vi skal framleis fylle oppgåva som Noregs folkekyrkje.

Med endringane i grunnlova i 2012 og overdraginga av verksemd frå 1. januar 2017 endrar vilkåra seg for Den norske kyrkja. Men verksemda til kyrkja og det lokale kyrkjelege nærveret vert ikkje endra.

«*Meir himmel på jorda*» er visjonen til den norske kyrkja. Med dette forstår vi oss som ein del av Kristi rørsle på denne jorda. Gjennom ord og handling skal vi formidle Guds kjærleik gjennom Jesus Kristus like til jordas ende.

Må Gud velsigne dette året vi no går inn i. Må Gud velsigne kyrkja og gje oss kraft og kjærleik til å vere vitne om Guds nåde.

## Gravstell-avtalar

Kyrkjeleg fellesråd har nokre graver som blir stelte etter avtale. Det er for det meste i dei tilfella der avdøde ikkje har nære slektningar, eller at dei pårørande av andre grunnar har liten sjanse til å klare å stelle gravene sjølv. Sidan kyrkja ikkje har eigne tilsette på

gravplassane, er vi avhengige av å kjøpe desse tenestene frå andre. Og no er vi så heldige at vi har fått ein avtale med den tenesta i kommunen som har ansvaret for brukarar med særlege behov. For oss er det ei god ordning, og også for kommunen og brukarane, sidan det gjev ein meningsfull jobb.

Til jul i 2016 laga dei endåtil kransane og granbarpynten til gravene sjølve.

- Sjå kor fint det vart!



Arbeidsgjengen, her representert ved Torstein Tveit og Maria Gjertsen.

## Brekke Sprell Levande



13. desember 2016 hadde Brekke -- Sprell Levande juleavslutning på Brekke bedehus. Då inviterte vi alle som ville, til kafé. Vi selde krans-

kaker som vi hadde baka, og vi hadde utlodning. Målet var å samle inn pengar til Stefanusalliansen, som driv arbeid blant fattige barn i Egypt.

I fleire år har vi gitt pengar til Stefanusalliansen på samlingane våre, og no hadde vi lyst til å slå rekorden vår, som var på kr 1800 i løpet av eit skuleår. Vi fekk inn heile 2289 kr, og er kjempefornøgde!

No får vi hjelpt mange barn gjennom Stefanusalliansen.

Vi fortalde òg dei frammøtte om kva vi gjer på samlingane våre, og om *Barnas*, bladet som barna får utdelt kvar gong.



Takk til alle små og store som var med på juleavslutninga vår, og som var med å bidra til at det vart ein så kjekk ettermiddag. Ein spesiell takk til hjelpepleiarane vår Elias, Øystein og Lotta, og alle dei positive og flinke ungene våre.

## Fast gjevarteneste

Biskopen oppfordra oss til å innføre fast gjevarteneste i kyrkjelydane. Det har vi for så vidt gjort, men per no er

det berre to personar som er inne på ei slik ordning til Gulen sokneråd.

Dette gjev soknerådet ei fast inntekt på kr. 7.200,00 i året, som dei kan planlegge med. Summen er kanskje liten, men tenk kva det kunne blitt viss vi var fleire som var med ...

Og sokneråda er vande med å få «mykje ut av lite», så ein 100-lapp i månaden frå deg, betyr mykje for lokalt arbeid i kyrkja.

No er ordninga med skattefrådrag for gåver auka, slik at du frå 2017 kan gje inntil kr. 30.000,00.

Minstesummen er kr. 500,00.

Men viss du er fast gjevjar, så reknar vi saman det du gjev i året. Så viss du gjev kr. 100,00 i månaden, blir det kr. 1.200,00 i året, og godt over minstesummen.

På kyrkjekontoret kan du få skjema for å bli fast gjevjar, eller du kan opprette det sjølv i banken/nett-banken. Det du treng å ta stilling til, er beløp per måned/evt. kor ofte. Du må føre på kontonummeret til soknet, og så treng vi personnummeret ditt for å kunne registrere gåva.

Du kan også sjølvsgatt få skattefrådrag dersom du gjev ei større enkeltgåve (over kr. 500,00). Då må vi òg ha personnummeret ditt for å få registrert gåva.





## Grete Lid: Klokkar i Mjømna i nærare 30 år!



Grete Lid slutta frå nyttår som klokkar i Mjømna kyrkje. Ho har vore trufast i jobben i nærare 30 år. Det står det respekt av!

Under kyrkjekaffien etter gudstenesta i Mjømna kyrkje søndag 15. januar

vart ho heidra av soknerådet og dei framømte.

- Tusen takk for godt utført arbeid, Grete, og lukke til som pensjonist!!

## Nytt smijerns-rekkverk i Brekke

- Det er godt å ha noko å halde seg fast i!



I bakken opp til Brekke kyrkje er det kome eit flott smijerns-rekkverk. No er det trygt og godt å gå for dei som synest bakken er tung og glatt.

Arbeidet har Gulen kyrkjelege fellesråd fått utført av smeden på Torvund.

## Reformasjonsjubileet:



Programmet for folkefesten i Bergen er no klart. Her er det noko for ein kvar alder og ein kvar smak.

### FREDAG 3.mars:

**10.00-15.00:** Preikeverkstad i kafeen i Johanneskirken, v/Tore Skjæveland m.fl. Gratis.

**13.00:** Lutherfilm (eng.tale). Bergen kino. Pris: [www.bergenkino.no](http://www.bergenkino.no)

**16.00:** Teser i tiden: Lysprojisering/klokkespel. Studentprosjekt Kunst-høgskolen i Bergen/Griegakademiet/Asbjørn Myksvoll/Dick van Dijk. Tårnet i Johanneskirken. Gratis.

**18.00-19.00:** Forteljarteater v/Helga Samset (forteljar) og Arve Henriksen (trompet). Korskirken. Pris 220/170.

**18.00/20.00/22.00:** Vandring i reformasjonsbyen. Oppmøte ved Kristkirketomta på Koengen. Pris: 170.

**18.00-22.00:** Oppdag kyrkjekunst-samlinga. Opplev reformasjonen. Omvisingar/foredrag v/Justin Kroesen m.fl. Universitetsmuseet.

**19.00/19.30/20.00:** Oppdag Nonnseter (v.biblioteket). Gratis.

**19.00-22.00:** Salmefest for alle. For påmelde kor og songglade enkelt-personar, v/Gro Anthun, Vidar Eld-

holm, Sigurd Øgaard m.fl. Bergen Domkirke. Gratis.

**19.00-21.00:** Preikekappleik. Vennskapleg konkurranse for påmelde. ØSTRE, Østre Skostredet 3. Gratis. Aldersgrense 18 år.

**20.30:** TGIF (Thank God It`s Friday) For ungdom. St. Jakobs kirke. Gratis.

**21.00-23.00:** Luther På Nytt: Improvisasjonskonsert v/Per Inge Hove m.fl. ØSTRE, Østre Skostredet 3. Aldersgrense 18 år. Pris: 120/100.

### LAURDAG 4. mars:

**11.00-20.00:** Reformasjonsbussen er open. Europeisk vandreutstilling. Torget. Gratis.

**11.00-16.00:** «Lutherier» i Nykirken. Aktivitetar for barn og familiar.

Kunstverkstad, Lutherselfie, teater, lutherkaker m.m. Nykirken. Gratis.

**11.00-16.00:** 7-tårnsturen. Quizløype for barn og familiar. Nykirken. Gratis.

**12.30-13.00:** Salmestafett. Rask salmevandring for alle, v/Per Inge Hove og Kjetil Almenning. Torgalmenningen. Gratis.

**13.00:** Offisiell opning av Lutherfestdagane, v/statsminister, ordførar, preses, repr. frå EKD (Den tyske evangeliske kyrkja), Marthe Valle, Fargespill, korsongarar frå inn- og utland/Kjetil Almenning/Vidar Eldholm m.fl. Torgalmenningen. Gratis.

**14.30:** Høgtlesing frå katekisma. Bergen off. bibliotek. Gratis.

**14.30:** Klokkespelkonsert. Johanneskirken. Gratis.

**15.00-16.30:** Luthersamtalen *Et samfunn i oppbrudd*. Folkemøte (engelsk).



Erna Solberg, Halvor Nordhaug m.fl.  
Universitetets aula. Pris 120/100.

**18.00:** Klokkespelkonsert, Dick van Dijk. Johanneskirken. Gratis.

**20.00-21.30:** Jubileumsforestilling: .  
Bjarte Hjelmeland, Bergen Stryk,  
r2017 Ungdomskor, Kjetil Almenning,  
Atle Halstensen, Vidar Eldholm,  
Asbjørn Myksvoll, Per Inge Hove,  
Eva Pfitzenmaier, Natalie Sandtorv,  
Marthe Valle, Vibeke Havre, Edvard  
Grieg Kor, Fargespill.

Johanneskirken. Pris: 275/220.

**22.00:** «Jesus loves electro», Konsert,  
nachspiel, party for ungdom. St.  
Jakobs kirke. Pris: 50.

### **Søndag 5. mars:**

**09.00:** Frå Alrekstad til Domkirken.  
Kyrkjehistorisk vandring m. Halvor  
Nordhaug, Gunnar Staalesen m.fl.  
Gratis.

**11.00:** Fest/familiegudsteneste med  
mykje song og aktivitetar. Nykirken.  
Gratis.

**11.00:** Festgudsteneste. Bachs refor-  
masjonskantate nr.80. Kor, solistar,  
orkester, Kjetil Almenning, Helga By-  
fuglien, Halvor Nordhaug. Bergen  
Domkirke. Gratis. Kyrkjekaffi 12.30.

**11.00:** Ung Messe. Ten Sing-grupper  
og internasjonale gjester. Korskirken.  
Gratis.

**12.15:** Klokkespelkonsert. Asbjørn  
Myksvoll. Johanneskirken. Gratis.

**13.00:** Kirke i en ny tid. Møte for  
leiarar i alle valde råd i Bjørgvin.  
Grand Hotel Terminus. Gratis.

**13.00:** Lutherfilm. (Eng. tale). Bergen  
kino. Pris: [www.bergenkino.no](http://www.bergenkino.no).

**13.30:** Pilegrim – med Luther? Fore-  
drag. Dr.theol.Roger Jensen. Bergen  
Domkirke, skrudhuset. Gratis.

**17.00:** Klokkespelkonsert. Dick van  
Dijk. Johanneskirken. Gratis.

**16.00-17.30:** Verdier og kulturarv  
under press. Folkemøte. Kristin Gun-  
leiksrud Raaum, Terje Nordby m.fl.  
Litteraturhuset. Pris 120/100.

**18.00:** Tysk gudsteneste. Rekonstruk-  
sjon frå 1897. Mariakirken. Gratis.

**19.00:** Lutherjazz. Pastor Wangs kvin-  
tett. St.Jakob kirke. Pris: 170/120.

### **Måndag 6. mars:**

**10.00-16.00:** The Reformation and the  
Arts around the North Sea. Internasjo-  
nal konferanse (engelsk). Bryggens  
museum. Pris: 220/120.

**19.00-20.30:** Reformation – a Curse  
for Church Art? Debatt (engelsk).  
Litteraturhuset. Pris: 120/100.

### **Tysdag 7. mars:**

**10.00-16.00** Reformasjonen: En forut-  
setning for demokrati og velferd?  
Konferanse. Universitetets aula. Pris:  
220/120.

**19.00-21.00:** Reformasjonen – en vel-  
lykket eksportvare? Debatt. Litteratur-  
huset. Pris: 120/100.

For evt. endringar: Følg med i pressa  
og på [kyrkja.no/bjorgvin](http://kyrkja.no/bjorgvin)

## **Ten Sing-treff i Bergen**

Fredag 3.mars kl.18.00-søndag 5.  
mars kl. 13.00 arrangerer KFUK/  
KFUM treff for Ten Singarar frå heile  
Bjørgvin. Ynglingen, Nedre Kors-  
kirkealmenning 4.

Informasjon/påmelding: 95084688.

## Flaumlys Mjømna kyrkje



Endeleg er det etterlengta flaumlyset ved Mjømna kyrkje på plass! Takk til dugnadsgjengen, godt leia av Kjell Kversøy.

### Bibelhelg på Byrknes bedehus 10.-12. mars

Det blir bibelhelg på Byrknes bedehus 10., 11. og 12. mars, fredag og laurdag kl. 19.30, søndag kl. 11.00. Talar: Øystein Rønhovde, leiar for samtalsenteret ved Stiftelsen Bergen Diakonissehjem. Velkommen! *NLM*

### Nye gravferdsvedtekter

Kyrkjeleg fellesråd har vedteke nye gravferdsvedtekter. Dei største endringane er:

\* Fredingstida er endra frå 40 år til 30 år dei fleste stader. Framleis er det ti år meir enn kva lova krev.

For felt B og D på Mjømna vil fredingstida framleis vere 40 år, og på

Rutle gravplass 60 år. Dette er på grunn av jordsmonnet.

\* Ei festa grav attmed ei grav som blir teken i bruk, har til no vore betalingsgrav også etter at ho vart teken i bruk. No vil grava bli kravd betaling for fram til gravlegging, og så vil ho bli frigrav i 30 år. Det vil seie at når ein person døyrr og attlevande ektefelle ønskjer dobbelgrav, så må han/ho betale for den reserverte grava fram til ho vert teken i bruk. Når reservert grav blir nytta, vil også denne bli fri for betaling i 30 år.

Verknadane for kyrkja vil bli litt mindre innbetalt festeavgift. Samtidig vil det bli frigitt fleire graver for gjenbruk, og dermed mindre behov for utviding av gravplass/ investering. Dette er i alle fall teorien. Det vil framleis vere slik at folk kan feste gravene til dei er 60 år, så viss alle gjer det, vert det framleis trong for utviding av gravplassane. Kostnaden ved å feste ei grav er for tida kr. 200 per år, og vert kravd inn for 5 år om gongen.

Endringa av vedtektene vil ikkje få verknad slik at graver som er festa og betalte for 40 år framover i tid, vert kravd ny betaling for dei siste ti åra. Eller foreslått sletta når dei er tretti år. Men graver som ikkje er betalte for, vil få spørsmål om feste eller sletting etter 30 år. Til dømes vil graver som

vart tekne i bruk i 1987 eller før, og som ikkje er betalte for, få spørsmål om vidare feste eller sletting. Ingen graver blir sletta, utan at vi har prøvd å kome i kontakt med ansvarleg for grava/familie.



## Fasteaksjonen

Ta vel imot konfirmantane når dei kjem rundt med innsamlingsbøssa for Kirkens Nødhjelp i veka før påske.

## Soknerådsleiarane

er valde for eitt år om gongen. I Gulen tek Iddi Glenjen over leiarvervet, medan det var attval i Mjømna og Brekke.

## Barnas misjonsdag

Det blir Barnas misjonsdag på Dalsøyra bedehus **28. mai**. Tidspunkt: Sjå oppslag.

## Hjarteleg takk

Gulen Røde Kors takkar for minnegåva i høve Magnar Ledvin Sætre si gravferd.



## Hjarteleg takk

Me vil takke alle som følgde mor vår, Nora Haugland, til grava. Takk for bårebukettar, kransar og minnegåver. Takk til Brekke bu- og omsorgssenter for god pleie og omsorg. *Aud Berit og Kjell Terje med familiar.*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte

#### MJØMNA SOKN:

**23.10.16:** Edvard Hilmarsen Strømme. For.: Kristian Strømme og Stine Mari Hilmarsen Rong (busette i Bergen) (Retting frå førre nr.)

**24.10.16:** Nora Nadire Braathen Kirca. For.: Nina Louise Braathen Kirca og Nihat Kirca.

### Døde:

#### MJØMNA SOKN:

**26.12.16:** Reidun Gerd Flatland, f. 1944.

#### GULEN SOKN:

**03.01.17:** Agne Johan Sognefest, f. 1941.



## KYRKJEKALENDEREN

**NB!** Kan bli endringar i gudstenestelista. Sjå i lokalavisene, på oppslag, på nettsidene til kyrkja og kommunen, og på Facebook.

**Torsdag 02.03.: Gospelgudsteneste i Gulen kyrkje kl. 19.00:** Presentasjon av «Kunst i kyrkja» i samarbeid med elevar frå Dalsøyra og Eivindvik.

**05.03.**, 1. s. i fastetida  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Offer: Søndagsskulen. Soknemøte. Kyrkjekaffi.

**12.03.**, 2. s. i fastetida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Dåp. Offer: Bibelselskapet. Soknemøte.

**19.03.**, 3. s. i fastetida  
**Brekke kyrkje kl. 12.00** v/Jens Linde. Samtalegudsteneste (konfirmanthelg). Offer: Alværa

**26.03.:** Ikkje gudsteneste

**02.04.**, 4. s. i fastetida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Audun Systad. Offer: Alværa.

**09.04.**, Palmesøndag  
**Byrknes bedehus kl. 15.30** v/Jens Linde. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

**13.04.**, Skjærtorsdag  
**Gulen kyrkje kl. 19.30** v/Jens Linde. Ikkje offer.

**14.04.**, Langfredag  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Ikkje offer.

**16.04.**, 1. påskedag  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Offer: Kirkens SOS

**16.04.**, 1. påskedag  
**Mjømna kyrkje kl. 16.30** v/Jens Linde. Offer: Indremisjonen.

**17.04.**, 2. påskedag  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Offer: Søndagsskulen. Soknemøte.

**23.04.:** Ikkje gudsteneste

**30.04.**, 3. s. i påsketida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarb.

**07.04.:** Ikkje gudsteneste

**14.05.**, 5. s. i påsketida  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

**17. mai**, Grunnlovsdag  
**Brekke kyrkje kl. 11.30** v/Jens Linde. Offer: Kirkens nødhjelp

**21.05.**, 6. s. i påsketida  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeid (Alværastemne).

**28. mai**, søndag før pinse  
**Dalsøyra bedehus:** Barnas Misjonsdag. Tid: Sjå oppslag.

**4. juni**, Pinsedag  
**Tusenårsstaden Gulatinget kl. 12.00** v/Jens Linde. Pilegrimsgudsteneste. Offer: Kyrkjelydsarbeid.

**11. juni**, Treeiningssøndag  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Offer: Kirkens bymisjon. Tårnagenthelg. Konfirmantfest. Årets og fjorårets konfirmantar er spesielt inviterte.

**18. juni**, 2. søndag i treeiningstida  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Jens Linde. Offer: Kirkens bymisjon.

**25. juni**, 3. søndag i treeiningstida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Audun Systad. Offer: KFUK/KFUM